

Den store ryddedugnaden til 17. mai.

14.05.2018



Elevane i 5. klasse rydda og plukka bos i dag i sentrum og i det område folketøyet skal gå på 17. mai.

5. klasse elevane har i dag vore på bosrydding i sentrum og langs stranda. Onsdag i sist veke var det dugnad på Stemnepllassen for klargjering til 17. mai. Alt skal vera rydda og på stell til sjølvaste nasjonaldagen. Dette gjeld over alt i bygda, men særleg i det område folketøyet går, på skulen, på kunstgrasbanen og i klatreparken og på Stemneplassen.

5. klasse elevane gjennomførte ei flott rydding i dag. Det er merkbart mindre bos i år på denne tid. Det har klar samanheng med det fokuset som har vore på plast- og bosrydding i vår. Ryddinga var godt organisert. Kontaktlæraren var Anne Jorunn Seim. SPAR spanderte is på alle som takk for flott utført arbeid.



Ikkje noko å sei på innsatsen på Stemnepllassen sist onsdag.

Fem av ti medlemslag i Friluftslaget i tillegg til styret møtte til dugnad på Stemnepllassen sist onsdag. Det vart rydda og reinska for lauv og torv. Grøftene vart reinska og kummane vart tømde. Alt gras vart slege, raka i haugar og koyrd i samledungen.

Gartner Helge Naterstad har alt vore i blomebeddet ved busslomma og rydda, luka og planta.

Med dette skal det meste vera på plass fram til den store høgtida og markeringa på nasjonaldagen på torsdag

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal

Foto: Gunn Mari Moberg



Kaffipausen hører med på alle dugnader. Den ene jenta på dugnaden hadde med og spanderte kake på alle.